

29.05.2016

Kommentarer frå Røyrvik Kraft  
til høyringsfråsegner for  
Røyrvik og Øyrane kraftverk  
i Gloppen kommune

NVE - Konesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref.:

Røyrvik kraftverk  
NVE 201300243  
Øyrane kraftverk  
NVE 201300231

Sakshandsamar:

Erlend Støle Hansen

Vår dato:

29.05.2016

## Innhald

1	Innleiing .....	2
2	Forslag til justering av prosjekta.....	2
3	Røyrvik kraftverk.....	3
3.1	Gyteforholda ovanfor kraftverket .....	3
3.2	Uttørking av elvemosevegetasjonen i utløpet av Røyrvikelva .....	3
3.3	Vei og røyrrøft til inntak Langevassgrova .....	4
3.4	Slepp av minstevassføring frå inntak Langevassgrova .....	4
4	Øyrane kraftverk.....	4
4.1	Val av alternativ .....	4
4.2	Regulering av Røyrvikstøylsvatnet.....	5
4.3	Redusert vassføring i Nipeelva .....	5
4.4	Veg og røyrrøft til inntaksområde .....	5
4.5	Kabelgrøft langs Øyravatnet.....	6
4.6	Økonomien i prosjektet.....	6

## 1 Innleiing

Høyringsperioden for konsesjonssøknadane i Gloppen-pakken og for Røyrvik og Øyrane kraftverk er no avslutta. Det har kome inn 8 høyringsfråsegner, som vi har delt opp i følgjande kategoriar:

- Offentlege høyringspartar: Kommune, Fylkeskommune og Fylkesmann.
- Lag og organisasjonar: Naturvernforbundet og Turlaget
- Andre: Kystverket, Mattilsynet og SFE Nett.

For den siste av kategoriane, er dette fråsegner der det blir informert om at høyringsparten ikkje har merknader til søknaden eller at fråsegna informerer og generelle forhold. Frå Røyrvik Kraft si side ser vi ikkje behov for å kommentere desse fråsegnene.

Kommentarane til fråsegnene for begge søknadane er samla i dette dokumentet, mens ein har valt å kommentere søknadane kvar for seg.

## 2 Forslag til justering av prosjekta

Innspela frå høyringspartane har gjeve oss informasjon som vi ynskjer å nytte for å gjere prosjekta betre, spesielt i forhold til miljø. Med bakgrunn i denne informasjonen, vurderer vi å gjere ei endring i konsesjonssøknaden for Øyrane kraftverk og ei endring i konsesjonssøknaden for Røyrvik kraftverk.

Endringa for konsesjonssøknaden for Øyrane kraftverk:

- Med bakgrunn i dei innkomne høyringsfråsegnene, ynskjer Røyrvik Kraft at alternativ 2, med regulering innanfor naturleg vasstandsregulering blir det alternativet som blir prioritert (sjå pkt.4.1)

Vurdert endring for konsesjonssøknaden for Øyrane kraftverk:

- I konsesjonssøknaden er det for alternativ 1 og 2 forslag om å redusere reguleringa av Røyrvikstøylsvatn frå 1m/0,6m til 0,3 meter i perioden 15. mai til 15.juli. Vi **vurderer** å forlenge perioden med liten regulering (0,3 m) med ein månad, til 15. august. Den omsøkte perioden vil framleis vere den prioriterte.

Endringa for konsesjonssøknaden for Røyrvik kraftverk:

- I konsesjonssøknaden var det forslag om å sleppe minstevassføring berre frå inntaket ved Øyravatnet og ikkje sleppe minstevassføring frå inntaket i Langevassgrova. Fleire av høyringspartane meiner det også bør sleppast minstevassføring frå Langevassgrova. Vi kjem med forslag om å sleppe minstevassføring lik 5-persentil frå begge inntaka.

## **3 Røyrvik kraftverk**

### **3.1 Gyteforholda ovanfor kraftverket**

Nokre av høyringspartane påpeikar at fiskebestandar i Røyrvikvatnet og Øyravatnet vil bli påverka av utbygginga og at dammen i utløpet av Øyravatnet vil verte vandringshinder og øydelegge for utløpsgyting for auren i vatnet.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Når det gjeld fiskebestanden i Røyrvikvatnet er den prega av for stor tettleik av aure og røye. Fiskeundersøkingar i Eimhjellevatn som er regulert med 2 meter etter utbygging av Sagefossen på midten av åttitalet, viser at fisken var større og hadde betre kondisjon etter utbygging enn før. Røyrvikvatnet og Røyrvikstølsvatn har om lag same samansetning av røye og aure og dei same utfordringane med for mykje fisk i vatnet.
- Øyravatnet har dei beste gyteforholda i nedre del av Nipeelva, i området ved kraftstasjonen og nedover til vatnet. I utløpet av Øyravatnet vil inntaket bli plassert litt frå og lågare enn utløpsosen slik at vatnet renn ned mot terskelen og inntaket. Slik vi vurderer det vil ikkje gyteforholda bli øydelagde, men kanskje noko redusert.
- Røyrvikelva har eit vandringshinder om lag 250 meter ovanfor utløpsosen til Røyrvikvatnet og det vandrar dermed ikkje fisk frå Røyrvikvatnet til Øyravatnet. I periodar med stor vassføring, er det sannsynleg at det går fisk frå Øyravatnet og nedover elva mot Røyrvikvatnet. Ved rett utforming av overløpstorskelen vil fisk greitt kunne vandre ned frå Øyravatnet ved overløp og høg vassføring.

### **3.2 Uttørking av elvemosevegetasjonen i utløpet av Røyrvikelva**

Nokre av høyringspartane er uroa for at elvemosevegetasjonen i nedre del av Røyrvikelva kan bli påverka av redusert vassføring i elva.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Vi som grunneigarar har begrensa kunnskap om elvemosevegetasjonen som er vist til i BM-rapporten og kor trua denne vegetasjonen er. Det vi derimot har registret, er at den finns i relativt store områder i Røyrvikvatnet og i vassdraget nedanfor vatnet.
- Slik vi oppfattar nokre av høyringsfråsegnene er det ved dei låge vassføringane at omfanget av vegetasjonen kan bli redusert. Slik vi vurderer det, vil minstevassføring og vassføringa av restfelt vil kunne halde liv i elvemosevegetasjonen men då i eit noko smalare parti av elva.

### 3.3 Vei og røyrgrøft til inntak Langevassgrova

I nokre av høyringsfråsegnene blir vegen og røyrgrøfta frå inntaket i Langevassgrova til Øyravatnet omtala som ein negativ konsekvens av ei eventuell utbygging, fordi ein får ei uttørking av myra i trasèn.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- I deler av den aktuelle trasèn fram til inntaket, blir det i dag med jamne mellomrom brukt traktor i samband med skogsdrift. Våre erfaringar tilseier at køyreskadane vil bli mindre dersom ein opparbeider ein veg. Veg og røyrtrasè ligg elles i utkanten av myr området.

### 3.4 Slepp av minstevassføring frå inntak Langevassgrova

Nokre av høyringspartane rår til at det vert kravd slepp av minstevassføring også frå Langevassgrova.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Røyrvik Kraft ser på dette som eit akseptabelt forslag og ynskjer å endre søknaden på dette punktet. Nytt forslag til slepp av minstevassføring blir dermed slik:

Periode	Inntak Øyravatnet	Inntak Langevassgrova
5-persentil sommar (1/5-30/9)	73	22
5-persentil vinter (1/10-30/4)	68	16

- Frå Røyrvik Kraft si side, ynskje vi at NVE avgrensar pålegg om registrering av minstevassføring til hovudinntaket i Øyravatnet. Frå inntaket i Langevassgrova ser vi då for oss eit rør gjennom terskelen som blir kalibrert til 22 og 16 liter/sek for sommar/vinter.

## 4 Øyrane kraftverk

### 4.1 Val av alternativ

Det er svært ulikt korleis dei ulike høyringspartane vurderer dei 3 alternativa som er presenterte.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Det ein registrerer er at det ikkje er nokon av høyringspartane som har alternativ 1 som sitt prioriterte alternativ. To av dei viktige høyringspartane; Fylkeskommunen og Gloppen kommune kjem med forslag om at det må gjevast konsesjon etter alternativ 2.

- Grunneigarane i Røyrvik ser at alternativ 2 kan vere det mest realistiske alternativet ut frå dei signala ein har fått i høyringsfråsegnene. Vi har derfor valt å løfte opp alternativ 2 som vårt prioriterte alternativ.

## 4.2 Regulering av Røyrvikstøylsvatnet

Fleire av høyringspartane har lista opp utfordringar med regulering av Røyrvikstøylsvatnet. Utfordringar som er nemnt er utvasking i strandsona, redusert produksjon av botndyr og fisk i strandsona, fare for oversvømming av reiret i strandsona for å nemne nokre.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Fleire av høyringspartane har i sine utaler vore uroa for konsekvensar som kunne vere aktuelle ved alternativ 1. Dette er naturleg, sidan dette i konsesjonssøknaden vart presentert som det prioriterte alternativet. Ved dei føreslegne avbøtande tiltaka, der vassnivået berre ligg 30 cm under terskelen det meste av sommarsesongen og der ein regulerer Røyrvikstøylsvatnet innan for naturleg vasstandsregulering resten av året, gjer etter vårt syn til at det ikkje skulle vere grunnlag for å vere uroa for konsekvensane av ei regulering.
- Med regulering innanfor naturleg vasstandsvariasjon (alt.2) ser ein ikkje at det skal vere grunn for å tru at det skal verte auka utvasking eller reduksjon av botndyr i strandsona.
- Røyrvikstøylsvatnet blir først og fremst nytta av dei som bur i Røyrvik i samband med garnfiske. Som grunneigarar er vi derfor opptekne av at vatnet ikkje skal verte dårlegare som fiskevatn grunna regulering av vatnet. Med den vesle reguleringa det her er snakk om, og dei erfaringane ein har frå Eimhjellevatn (sjå pkt. 3.1) er vi ikkje uroa over at fisket skal bli dårlegare.

## 4.3 Redusert vassføring i Nipeelva

Redusert vassføring i Nipeelva blir av fleire høyringspartar omtala som negativt for vasstilknytte fugleartar og andre fuktkrevjande artar langs elva. Det blir også hevda at elva vil miste all naturleg dynamikk.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Det er i konsesjonssøknaden forslag om slepp av minstevassføring lik 5-persentil for både sommar og vinter og er dermed på eit nivå som i dag er normalt for småkraftverk.
- Frå inntaket og ned til kraftstasjonen gjev restfeltet ei middels restvassføring på 210 liter /sek. Samla middel restvassføring og minstevassføring blir då 250 liter/sek og slik vi ser det, vere med på å oppretthalde mykje av dynamikken i elva.

## 4.4 Veg og røyrgrøft til inntaksområde

Nokre av høyringspartane er uroa i sine fråsegner for at raudlistartar kan bli råka av anleggsarbeidet og at terrenginngrep og sår i landskapet vil verte synleg i mange år framover. Fylkesmannen kjem med forslag om at dersom det skal gjevast konsesjon, må

inntaket byggast veglaust og vassvegen leggast i tunell. Naturvernforbundet meiner at eit mindre skadeleg alternativ ville vere å bygge inntaket lenger nede i Nipeelva.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Veggen til Røyrvikstøylsvatnet er svært viktig for grunneigarane i Røyrvik og vil ha stor nytteverdi for fleire formål utover det å reinske inntaksrist og ha tilsyn til inntaket.
- Veggen vil lette arbeidet med sinking og tilsyn av beitedyr. Det er i dag pålegg om skal ha tilsyn til beitedyra kvar veke. Veggen vil i tillegg lette arbeidet med skogsdrift og vedlikehald av støylsområdet.
- Forslaget om å flytte inntaket lenger nedover i Nipeelva er etter vårt syn ei dårlegare løysing. Erfaring frå småkraftverk tilseier at ein får meir kvist og lauv i rista etter lenger elvestrekning ein har ovanfor inntaket. Er inntaket i tillegg plassert nedstrøms elvestryk, kan problem med sarr også auke vinterstid. Inntaket slik det er planlagt i konsesjonssøknaden er etter vårt syn det beste.
- Fylkesmannen sitt råd om å legge vassvegen i tunell er etter vårt syn urealistisk av økonomiske grunnar.

#### **4.5 Kabelgrøft langs Øyravatnet**

Grøftetrasen for høgspenkabelen, mellom kraftverket og inntaket ved utløpet av Øyravatnet har fått stor merksemd av fleire av høyringspartane og at det må påreknast stor skade dersom arbeidet blir utført med gravemaskin.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Grunneigarane i Røyrvik er overraska over den merksemda denne kabelgrøfta har fått i høyringsfråsegnene. Samtidig må det seiast at vi ikkje har den kunnskap som må til for å vurdere verdien av dei aktuelle myr areala. Det vi derimot har kunnskap om er at det finns store areal med liknande myrar i området.
- I konsesjonssøknaden kap. 4 «Avbøtande tiltak» er det sagt at det ikkje skal nyttast drenerande masser i kabelgrøfta. Dersom ein nyttar ei lett minigravemaskin og legg torva til sides, for så å legge torva tilbake på plass etter at kabel og myr er på plass i grøfta, skulle det ikkje vere grunn for at myra ikkje skulle gro fint til etter kort tid. Vi ser heller ikkje grunn for at myra skulle tørke ut fordi det ligg ein kabel der.


#### **4.6 Økonomien i prosjektet.**

Det er ulike meiningar om økonomien i prosjektet. Sakshandsamaren til Gloppen kommune skriv at ein utbyggingspris på 3.0 kr/kWh er det lågaste av søknadane som er til vurdering, men dersom det blir pålagt vesentleg høgare minstevassføring og regulering av vatnet ikkje blir akseptert, er det grunn til å tru at økonomien i prosjektet kan bli anstrengt.

Røyrvik Kraft sin kommentar:

- Vi er samde i dei vurderingane som sakshandsamaren her gjer. Dersom ein aukar minstevassføringa nok er det ingen småkraftprosjekt som er lønsame. Her må ein berre håpe på at det ikkje vert krav om større minstevassføring enn det som er vanleg for småkraftverk.
- Det som er viktig for den lokale verdiskapinga og for grunneigarane i Røyrvik er at vi klarer å finansierer dette prosjektet sjølve. Signala frå lokale bankar den seinare tida er at kostnader utover ein utbyggingspris på 3,0-3,20 må utbyggjar tilføre prosjektet som eigenkapital. Ei utbygging etter alternativ 3 må dermed finansierast av eksterne aktørar.
- Regulering av Røyrvikstøylsvatnet er derfor svært viktig for produksjon og økonomi for Øyrane kraftverk. Slik kraftmarknaden har utvikla seg, endra kraftprisen over døgnet og det kan bli mogeleg å ta ut ein høgare pris for straumen ved å flytte litt av produksjonen til tidspunkt på døgnet med høgare pris. Sjølv den vesle reguleringa det no er snakk om, vil få ein positiv økonomisk effekt for prosjektet, utover ein lågare utbyggingspris.

Røyrvik 29. mai 2016



Jostein Arne Røyrvik  
Røyrvik Kraft SUS